



ØRSTA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Ørsta kontrollutval
Møtestad: Ørsta rådhuset, Kantina
Dato: 12.10.2020
Møtet starta Kl. 13.30
Møtet slutta Kl. 15.50

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon
Sven Castberg	Leiar.
Jetmund Øye	Nestleiar.
Tore Thon	Medlem.
Sylvi Gulla Hovdenakk	Medlem.
Hilde Aambakk	Medlem.

Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
------	----------

Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for
------	-----------

Frå Vest kontroll//andre møtte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar.

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møtte:

Namn	Stilling
Bodill Skeide	Dagleg leiar/rev. Sjef.

Frå kommuneadministrasjonen og politisk leiing:

Namn	Stilling
Wenche Solheim	Kommunedirektør. I sak 38 og 47.
Kristin Vik	Seksjonsleiar helse og velferdstenester. I sak 38.
Oddvar Marøy	Stabsleiar tildeling og koordinering. I sak 38.

SAKLISTE

- SAK 41/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 42/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 43/20 MELDINGAR
- SAK 44/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 45/20 REVISJONSPLANLEGGING 2020 – FINANSIELL REVISJON
- SAK 46/20 ENGASJEMENTSBREV FRÅ REVISJONEN
- SAK 47/20 BYGGEREKNESKAP OPPRUSTING ØRSTA KINO
- SAK 48/20 BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET 2021
- SAK 38/20 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – TENESTEYTING I HEIMESJUKEPLEIA – OPPFØLGING

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
41/20	033	25.09.2020	12.10.2020	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Behandlingane i denne rekkefølge: 41, 42, 38, 47, 43, 44, 45, 46, 48.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Tore Thon.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
42/20	049	25.09.2020	12.10.2020	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 14.09.2020.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 14.09.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
43/20	033&17	25.09.2020	12.10.2020	KS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Frå nettavisa kommunalrapport, av 07.09.2020 «Ikke nødvendig å erstatte hele kontrollutvalget selv om lederen får fritak».
2. Frå nettavisa kommunalrapport, av 17.08.2020. «Kontrollutvalget kan kreve at kommunedirektøren stiller på møte».
3. Rapport frå tilsyn med den interkommunale barneverntenesta for Hareid-Sande-Ulstein-Volda og Ørsta sitt arbeid med undersøkingar 2020, av 06.07.2020
4. E-post, av 30.09.2020. «Svar på spørsmål frå kontrollutvalet knytt til økonomisk kriminalitet og nettkriminalitet».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
44/20	033&58	05.10.2020	12.10.2020	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Ørsta kommune si heimeside -

<https://innsyn.orsta.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&> og på www.vor.no

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Administrasjonsutvalet:	03.06	
Arbeidsmiljøutvalet:	19.05	10.09
Eldrerådet:	19.08	01.10
Formannskapet:	18.08	07.09
Formannskapet som klageutval:		
Formannskapet som klageutval for klientsaker og barnehageopptak:	28.04	
Kommunestyret:	02.09	
Landbruksutvalet:	11.05	
Levekårsutvalet:	26.08	30.09
Råd for likestilling av funksjonshemma:	20.08	
Sakkunnig klagenemnd for taksering – av eigedomsskattobjekt:	10.06	
Sakkunnig nemnd for taksering – av eigedomsskattobjekt:	24.06	
Samfunnsutvalet:	03.07	29.09
Samfunnsutvalet som trafikktryggingsnemnd:	23.06	
Ungdomsrådet:	06.05	
Valstyret:		
Vilt- og innlandsfiskenemnda:	15.06	
VØR IKS Styret	25.08	
VØR IKS Representantskapet	28.04	19.09
VØR IKS Klageutvalet		
Retura Søre Sunnmøre AS		2019

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
45/20	216	05.10.2020	12.10.2020	KS/JS

REVISJONSPLANLEGGING 2020 – FINANSIELL REVISJON

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek til vitende Revisjonsplanlegging 2020 – finansiell revisjon, for Ørsta kommune, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

I møtet

Det vert reist spørsmål om å stenge møtet ved revisor sin gjennomgang av planleggingsdokumentet.

Sekretariatet og revisor gjorde greie for grunnlaget for at møtet burde stengast. Ein gjennomgang i ope møte vil føre til at dei organ som skal kontrollerast vil få innsyn og kunne påvirke muligheita for forsvarleg kontroll.

Både debatten og avstemminga om lukking av møtet vart gjort i ope møte.

Kontrollutvalet vedtok å stenge møtet md heimel i Kommunelova § 11-5 3.lekk b). Jf. Offl. §24. 1. lekk

Dagleg leiar/revisjonssjef Bodill Skeide orienterte frå planleggingsdokumentet, som vart delt ut og samla inn igjen. Ho svara og på spørsmåla som kom opp.

Etter orienteringa frå revisor vart møtet opna igjen.

Vedlegg

Dokument for revisjonsplanlegging - finansiell revisjon. **(Unnateke off. innsyn, jfr. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr 2.)** Vert gjennomgått/delt ut på møtet.

Saksopplysningar

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS ved revisjonssjef Bodill Skeide, har utarbeida eit planleggingsdokument for revisjonsarbeidet – finansiell revisjon for året 2020. Dette for å utføre ein forsvarleg revisjon. Dokumentet er i samsvar med regelverket.

Planleggingsdokumentet inneheld følgjande:

- Oppdragsvurdering
- Selskapsinformasjon
- Risikovurdering
- Statusoversikt pr. 25.09.2020

I den grad det er nødvendig vil revisor vil gå gjennom dokumentet på møtet, og svare på spørsmål. Møtet vert då lukka under denne gjennomgangen.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
46/20	216	06.10.2020	14.10.2020	JS

ENGASJEMENTSBREV FRÅ REVISJONEN

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek til vitende Engasjementsbrevet frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS for Ørsta kommune, datert 15.09.2020.

Vedlegg

1. Engasjementsbrevet frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon for Ørsta kommune datert 15.09.2020.
2. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon.

Saksopplysningar

Ny kommunelov fører til endringar i føresegnene om revisor sine oppgåver frå og med rekneskapsåret 2020. Ein viser her til kapittel 24 særleg om:

- Budsjettpremissar - Kommuneloven (KL) §§ 24-5, 3 ledd, 24-6, 3. ledd og § 24-8, 2. ledd bokstav e samt siste ledd
- Skriftlege påpekningar fra regnskapsrevisor - kommuneloven § 24-7
- Eierskapskontroll - KL § 24-2 Revisors ansvar og myndighet
- Konsolidert årsregnskap – KL § 14-6

Hensikta med engasjementsbrev er å teikne ned vilkåra for oppdraget og kommunisere dette med oppdragsgivar, noko som skal sikre ei felles forståing for arbeidsoppgåver og ansvar mellom revidert part og revisor.

Adressat for styring og kontroll er delt på ein nokon annan måte i kommunal sektor enn i private verksemdar. Kommunestyret er kommunen sitt høgaste organ, jf. KL § 5-3.

Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval som skal føre løpande kontroll på kommunestyret sine vegne, jf. KL § 23-1. Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret stå føre den løpande kontroll med den kommunale forvaltning, jf. KL § 23-2. På dette grunnlag har kontrollutvalet eit påsjå-ansvar overfor revisjonen. Jf. også Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 c.

Engasjementsbrevet for revisjon av kommunen skal sendast til kontrollutvalet, med kopi til kommunen. Det same gjeld for kommunale foreta, då med likelydande brev til kontrollutvalet og styret i foretaket.

Med mindre det skjer endringar den reviderte eininga eller i revisjonen, er det nok å utarbeide engasjementsbrev ved byrjinga av kvar valperiode.

Vi viser til vedlagde engasjementsbrev for Ørsta kommune frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS. Den er i samsvar med retningslinene som Norges Kommunerevisorforbund tilrår til bruk.

Vi viser elles til sjølve engasjementsbrevet som omhandlar dette:

1. Innleiing
2. Revisjonen – formål og innhald
3. Innsynsrett og teieplikt
4. Rapportering og dialog
5. Personvern
6. Andre tenester

Revisor vil vere til stades i kontrollutvalet sitt møte og kan gi forklaringar og utfyllande opplysningar.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
47/20	212	22.09.2020	12.10.2020	JSa

BYGGEREKNESKAP OPPRUSTING ØRSTA KINO

Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til uttale frå revisor datert 01.09.2020 vedkommande byggerekneskap for opprusting av Ørsta Kino.
2. Kontrollutvalet meiner at byggerekneskapen for Ørsta Kino - med ein total byggekostand på kr 6 832 190 inkl. mva kan godkjennast.

I møtet

Kommunedirektør Wenche Solheim orienterte og svarta på spørsmål.

Vedlegg

1. Revisjonsuttale ombygging datert 01.09.2020
2. Vedtak budsjettjustering
3. Byggerekneskap opprusting Ørsta Kino

Saksopplysning

- Kontrollutvalet skal uttale seg før byggerekneskapen vert ferdig behandla i formannskapet og kommunestyret.
- Revisor har gjort ein avgrensa revisjon av byggerekneskapen for ombygging av Ørsta Kino. Rekneskapen viser ein totalkostnad på kr 6 832 190 inkl. mva.
- Finansieringsvedtaka blei gjort i kommunestyret:
 - Kr 3 000 000 i 2016
 - Kr 3 500 000 i 2017
 - Kr 980 000 i 2017 ekstraløyving
 - Kr 7 480 000 sum løyvd
 - Kr 6 832 190 brukt på prosjektet
 - Kr 647 810 ubrukne midlar

Det står att kr 647 810 i ubrukne midlar i prosjektet.

Revisor vil kunne orientere og svare på spørsmål i kontrollutvalsmøtet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
48/20	151	06.10.2020	12.10.2020	JS

BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET 2021

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet sitt framlegg til eige budsjett for 2021 må ha ei ramme på kr 183.000.
2. Kontrollutvalet tek til vitende budsjetta for Vest kontroll og Søre Sunnmøre kommunerevisjon for 2021, då vedtaksmynde for budsjettet ligg til representantskapa i selskapa.
3. Kontrollutvalet tek til vitende at den samla ramma for kontrollarbeidet i 2021 blir på om lag kr 1.184.000.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysningar

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2:

«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven §14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»

Utdrag frå KOSTRA rettleiaren som skal gå fram på funksjon 110:

«Utgifter og inntekter knyttet til kommunens kontrollutvalg etter kommuneloven kapittel 23 og revisjon etter kommuneloven kapittel 24. Herunder møtegodtgjørelser og andre utgifter knyttet til møteavvikling i kontrollutvalget, utgifter knyttet til kontrollutvalgssekretariatet, og utgifter knyttet til regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.»

Kontrollutvalet

	2021	2020
Km godtgjersle		
Godtgjersle til folkevalde (Ikkje pensjonsgivande)	84.000	84.000
Arbeidsgivaravgift	12.000	12.000
Opplæring, kurs (ikkje oppg.pl.)	60.000	75.000
Km-godtgjersle skattefri del		
Reiseutgifter etter rekning (eigne tilsette)	10.000	
Kontingentar	12.000	
Andre utgifter	5.000	
Moms-utgift drift med kompensasjon		
Sum	183.000	171.000

Kontrollutvalet tilrår eige budsjett som vert vedteke av kommunestyret.

Sekretariatet

	2021	2020
Vest kontroll Kommunalt oppgåvefelleskap	448.000	475.000

Styret tilrår budsjettet som vert vedteke av representantskapet. Det er då ein årleg bindande fastpris.

Revisjonen

		2021	2020
	Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS	552.518	600.822

Styret tilrår budsjettet som vert vedteke av representantskapet.

Budsjettet vert utrekna etter brukt tid for dei siste fem åra og betalinga skjer etter timeforbruk, med pris fastsett av representantskapet. Budsjettet beløp vil aldri stemme med reelt forbruk, men gi meir ei oversikt, der det reelle kan verte både meir og mindre enn det oppsett budsjett. I summen inngår rekneskapsrevisjon, etterlevelserrevisjon, attestasjonar, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll, tippemiddelrekneskap, oppmøte i kontrollutval og kommunestyre samt mindre konsulentoppdrag. Dvs. samla utbetaling til revisjonen for det aktuelle år. I denne samanheng kan nemnast at rekneskapen for 2019 viser kr 523.825 og for 2018 507.279.

Totalt budsjett for kontrollarbeidet

		2021	2020
	Samla	1.183.518	1.246.822

Opplæring

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv mellom anna dette i Kontrollutvalsboka (2016):

«Det er avgjerande for godt kontrollarbeid at kontrollutvalsmedlemer blir sette i stand til å utøve vervet sitt på ein god måte: Kommunestyret bør sørge for at det er tilstrekkeleg budsjett til at kontrollutvalsmedlemmene kan delta på kurs og konferansar.»

«Kommunestyret er ansvarleg for at kontrollutvalsmedlemmene og varamedlemene får tilstrekkeleg opplæring i sine kontroll- og tilsynsoppgåver.»

«Kontrollutvalet bør sørge for at medlemmene (både faste og vara) får tilstrekkeleg opplæring. Det vil vere nyttig at utvalet held seg orientert om arrangement i regi av bransjeorganisasjonar og foreiningar, og sjølv tek initiativ til kurs medlemmene har trong for»

I tillegg til den grunnleggjande opplæringa er det viktig at kontrollutvalet held seg oppdaterte. Dette er ein kontinuerlig prosess som det må løyvast midlar til.

For å gi kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. (Kontrollutvalsboka 2016:16) Difor må kontrollutvalet ha sitt eige budsjett som mellom anna skal dekkje opplæring, kurs/konferansar, litteratur m.m.

Budsjettframlegget til kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret.

«Grunnen til at budsjettet til kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, til dømes formannskapet eller administrasjonsutvalet, får innverknad på budsjetttramma til tilsynsorganet. (Kontrollutvalsboka 2016:16)

Saksgang

Budsjettframlegget til kontrollutvalet skal **uendra** følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om kontrollordninga sitt budsjett.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
38/20	217	08.09.2020/01.10.2020	12.10.2020	KS

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – TENESTEYTING I HEIMESJUKEPLEIA – OPPFØLGING

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek tilbakemelding vedkomande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Tenesteyting i heimesjukepleia til vitende, og ser på oppfølginga som avslutta.

I møtet

Kommunedirektør Wenche Solheim, Seksjonsleiar helse og velferdstenester Kristin Vik og Stabsleiar tildeling og koordinering Oddvar Marøy orienterte og svarta på spørsmål.

Det vart klargjort at kommunen no sender ut melding om vedtak sjølv om det ikkje vert ending i tenesta. (Sjå kommunestyrevedtak punkt 2.3).

Kontrollutvalet viser til 2.5 i tilbakemeldinga frå kommunedirektøren, av 24.06.2020. Administrasjonen jobbar med å samle fleire av tenestemråda i tildelingskontoret. Dette i samband med budsjettarbeidet for 2021.

Vedlegg

1. Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, *Forvaltningsrevisjonsprosjekt, Tenesteyting i heimesjukepleia, Ørsta kommune*, datert 30.08.2019.
2. Tilbakemelding frå kommunedirektøren, av 24.06.2020.

Saksopplysning

Etter forskrift om kontrollutval §12, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at kommunestyret sine vedtak knytt til forvaltningsrevisjonsrapportar vert følgde opp.

Vedtak for prosjektet

Kontrollutvalet i Ørsta kommune gjorde i sak 17/18 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt knytt til heimesjukepleie. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningsliner med omsyn til heimesjukepleia yter tenester i samsvar med brukarane sine enkeltvedtak.

Saksbehandling forvaltningsrevisjonsrapport

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeidde forvaltningsrevisjonsrapport – Tenesteyting i heimesjukepleia – Ørsta kommune, datert 30.08.2019. Denne var handsama i kontrollutvalssak 41/19, og vidare i kommunestyret 21.11.2019 i sak 99/19 der det vart gjort følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsrevisjonsprosjektet – Tenesteyting heimesjukepleie, Ørsta kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 30.08.2019).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 1. Kommunen bør utarbeide felles skriftelege rutinar/prosedyrar knytt til tildeling av heimebaserte tenester.
 2. Kommunen må jobbe mot ein lik/felles praksis for dei ulike områda/sonene mht. utarbeiding og oppfølging av enkeltvedtak.

3. Kommunen må sørge for at ein sender ut skriftlege enkeltvedtak i alle sakene ein vel å revurdere (også i dei ein ikkje endrar tenestetilbodet).
4. Kommunen må sette i verk tiltak for å sørge for lik praksis mht. inn- og utkvittering av tenester.
5. Kommunen må vurdere tildelingskontoret sitt ansvar og rolle mht. heimebesøk hjå brukar samt utarbeiding og oppfølging av enkeltvedtak.
3. Kommunestyret ber rådmannen sjå til at forvaltning av tildeling av alle tenester vert samla på tildelingskontoret.
4. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan 15.04.2020.

Tilbakemelding frå kommunedirektør, av 24.06.2020.

Det er utarbeidd ny rutine for tildeling av heimetenester. (svarar ut pkt 2 og 1)

Det er utarbeidd ny rutine for revurdering av heimetenester (svarar ut pkt 4)

Vi har plan for å overføre forvaltning av vedtaka i TPHR til tildelingskontoret – forseinka pga korona – satsar på å kome i gang etter ferien.

Dei siste to punkta er vanskeleg for meg å svare på åleine.

Punkt 3 er eg ikkje heilt samd i. Praksis er at ein ikkje sender ut nytt vedtak etter revurdering, der det ikkje er gjort endring.

Punkt 4 må Tildelingskontoret svare nærare på

Pkt 2.3 Kommunestyrevedtaket betyr utsending av vedtak ved alle revurderingar av tenester i alle saker, også der gjennomgangen ikkje medfører endring i vedtak/teneste.

Dette blir gjort i dag sjølv om vi i mange saker ikkje vurderer dette nødvendig, og ofte uheldig.

Mottakarane av breva slit ofte med å forstå innhaldet i forvaltningsmeldingar og medfører mange gonger uro og spørsmål tilbake grunna dette.

Sett frå ein rasjonell synsstad blir ei slik rutinemissig utsending av brev også opplevd som unødvendig bruk av tidsressurs og økonomi, som vi ynskjer å sleppe.

Unntaksvil det likevel vere på sin plass å orientere om revurderingsavgjerda, men vanlegvis ikkje.

Pkt 2.5 Dette er vurdert og Tildelingskontoret er budd på å handsame fleire av tenesteområda innan helse og omsorg, inkl større ansvar for del av kartlegging av vurderingsgrunnlaget.

Ein slik endring av oppgåvedeling må følgast opp med at ressursar også fyl med.

Noko av dette har vi plan på, men vi er ikkje i mål utan samarbeid om konkrete tiltak.

Krev også utarbeiding og semje om oppgåvedeling mellom tildelingskontoret og dei tenesteytande einingane.

Pkt 3 Dette heng nøye saman med punktet ovanfor. Realisering krev avgjerd om nye ressursar/endring eller flytting av ressursar.

Kan det vere eit forslag å ha dette som plan å gjennomføre ved utarbeiding av budsjett for 2021 med oppstart frå 01.01.2021 ?

Kommentar frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS v/Alf Marius Grønnevik, av 08.09.2020

Ein eventuell etterkontroll vil kunne avdekke om tiltaka som administrasjonen signaliserer har fungert.

Ein kan ikkje ut i frå tilbakemeldinga sjå at kommunen har starta prosessen med rolleavklaring i høve tildelingskontoret.

INFORMASJON

Etter sakene var behandla vart det i utvalet stilt spørsmål om prosjektet Melsgjerdet. Kontrollutvalet ber ordføreren kome på neste møte for å gi utvalet orientering/informasjon om grunnlaget for starten av prosjektet, og den vidare planen.

Møtet slutt.

Sven Castberg
- leiar -

Tore Thon.
-medlem-

Møteprotokollen går til:

Kommunestyret som melding.
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.
Ordførar til orientering.
Rådmann til orientering.
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.